


VISTE

Gnr 59



På historisk grunn

Når du no er på garden Viste, er du på historisk grunn. Vel 100 meter frå sjøkanten ligg Svartehola, eller Vistehåla som er det lokale namnet. Her budde det folk frå steinalderen til folkevandringstida, frå 6000 år f.Kr. til 500 år e.Kr. Rundt på garden er det også funne fleire gravhaugar. Namnet Viste kan stamma frå ordet vist, som tydde ”et eldre veidefolks midlertidige bosted”.

Vistetunet

På høgdedraget rundt 500 meter frå sjøen låg i mange hundre år Vistetunet. Dette var nærast ein landsby. Første busetjinga her var seinast rundt år 1400 f. Kr.. I 1910 budde det 171 personar i tilknytning til tunet. På 1200-talet reiste storbonden på Viste ei steinkyrkje her, ruinane ligg der den dag i dag.

Største garden

Viste er den største garden i Randaberg, på kring 2 800 mål. Vika utanfor, Vistevika, grensar til både Sola og Stavanger, og har namn etter denne garden.


Fiske var attåttnæring

Som på andre gardar i Randaberg som grensa til sjøen var bøndene her fiskarbønder, fisket var ei viktig attåttnæring. Utanom dei vanlege fiskeslaga fiska dei hummar og laks. Frå 1885 skipa bøndene eit notlag for fiske av mellom anna sild, brisling og makrell. Laget blei i 1898 delt i to, og siste gong det siste laget var i aksjon var midt på 1950-talet. Begge laga hadde sine naust på Ladberget.


Jorda på Viste var og er jamt over djup og god, og det er fjell i dagen – fyllitt - stort sett berre ved Vistehåla og langsmed sjøen.

Viste sjøbad

I 1934 blei det bygd hotell og restaurant ved Viste Sjøbad, som det heitte då. Viste Strandhotell var i førstninga retta mot engelske badeturistar. Under krigen var det tyskarane som nytta hotellet. I nærleiken blei det bygd fleire bunkarar og skytestillinger.



Bumerker tilhøyrande garden Viste



Randaberg
kommune